



Aukra kommune  
Kommunehuset Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristin Eide, 71 25 84 33

## Aukra kommune

### Reguleringsplan Gossen motorsenter

### Fråsegn til ny melding om oppstart grunna utvida planområde

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

#### Bakgrunn

Statsforvaltaren har mottatt brev frå Aukra kommune datert 23.07.2020, der Gossen motorklubb/NMK Aukra melder oppstart av reguleringsplanarbeid for Gossen motorsenter. Det skal bli laga reguleringsplan med konsekvensutgreiing, jf. pbl. § 4-2 og KU-forskrift § 8 a vedlegg II pkt. 11a. Hensikta med planarbeidet er å legge til rette for motorsportanlegg med tilhøyrande funksjonar slik at denne typen aktivitet blir samla på ein stad på Gossen.

I kommuneplanen er planområdet LNF eller reguleringsplan er gjeldande. Dei to gjeldande reguleringsplanane er Rothaugen industriområde frå 2014 og Gossen MC-klubb frå 2009.

Vi har tidlegare (23.07.2020) gitt fråsegn til oppstart på eit noko mindre areal til same formål.



Planområde ved oppstart 2020



Planområde ved oppstart 2021

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### **Landbruk**

Statsforvaltaren var på synfaring saman med kommunen 14.10.2021.

Planområdet har vorte utvida til å inkludere eit stort landbruksområde.

Statsforvaltaren synes den skisserte arealbruken er uheldig med omdisponering av 20 dekar dyrka mark. Nydyrking som erstatningstiltak skal alltid vere siste utveg, og skal ikkje brukast som eit areal- og planmessig argument for nedbygging av matjord.

Vi er interessert i å kome til ei løysing for etablering av Gossen motorsenter, men vil ikkje akseptere det inngrepet og omfanget som er skissert. I samråd med kommunen kan det diskuterast eit forslag der det blir to parallelle køyrespor inntil Rishaugvegen, dette for å etablere ein forbindelse mellom dei to største delane i planområdet. Deretter bør ein i større grad utnytte eksisterande areal i gjeldande reguleringsplan.

Det vil i så fall verte ei mogleg omdisponering av ca. 2 dekar dyrka mark. Matjorda må ivaretakast til nydyrking av tilsvarande storleik, helst som utviding av eksisterande teig. Dette må presiserast i føresegnene til reguleringsplana.

Statsforvaltaren legg vedlagte teikningar og skisser ved oppstartsmelding til grunn for våre vurderingar, og vi vil då varsle mogleg motsegn til ei reguleringsplan som ikkje tek nok omsyn til landbruksinteressene i området.

Vi stiller oss positive til vidare dialog for å kome til ei løysing som kan akseptierast av alle partar for etablering av Gossen motorsenter.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Vi viser til vår førre fråsegn, og gjer merksam på at ROS-analysen må omfatte heile planområdet. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

### **Forureining og støy**

#### *Forureining*

I referat frå oppstartsmøte er det vist til at deler av planområdet er gamal søppelfylling med fare for metan i grunnen. Det er positivt at utarbeidd rapport skal følgje planarbeidet vidare, og at gamal

søppelfylling blir tatt tilstrekkeleg omsyn til. I tillegg er det anna forureining av grunnen fordi dele av området tidlegare har vore nytta som sikkerheitssenter.

### Støy

Støyretningsline T-1442, revidert 2021 ligg til grunn for støyavklaringar ved planlegging og byggesak. Planarbeidet legg til rette for støyande aktivitet. Relativt flatt landskap gjer at støy kan breie seg utover og gje negative verknader for bustader i området, samt for *det svært viktige friluftslivområdet* Kyststien og naturstien Flyplassområdet-Oterhalsen som er registrert som *viktig friluftslivområde*.

Utviding av anlegget vil gjerne føre til ønske om auka aktivitet. Vi ser at aktiviteten på dagens bane også har avgrensa bruk og brukstid pga. støyutfordringar. For å ta ned mogleg framtidig konflikt så rår vi til at det blir utarbeidd ei støyfagleg utgreiing, og at krav til støynivå og naudsynte støyskjermingstiltak blir innarbeidd i plankart og føresegner.

### Naturverdiar

Jf. registreringar i [Artsdatabanken.no](https://artsdatabanken.no) så er det m.a. storspove (VU sårbar), sandsvale (VU nær trua), sanglerke (VU sårbar), horndykker (VU sårbar), stær (VU nær trua) og brushane (EN sterkt trua) i området. I tillegg er gjort fleire registrering av hønsenhauk (NT nær trua) i nærområdet. Konsekvensutgreiinga må vurdere kva konsekvensar tiltaket vil ha på naturmangfaldet i området.

### Konklusjon

Statsforvaltaren viser til sine merknadar, samt varslar mogleg motsegn til ei reguleringsplan som ikkje tek nok omsyn til landbruksinteressene i området.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef-plansamordning

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04  
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Statens vegvesen  
MR fylkeskommune

Pb. 1010 Nordre Ål  
Fylkeshuset

2605 LILLEHAMMER  
6404 Molde